


LexicoNordica

Forfatter:	Tor Erik Jenstad [Norsk banneordbok – <i>ei omfattande samling med eit noko vidt banneomgrep</i>]	
Anmeldt værk:	Ruth Vatvedt Fjeld: <i>Norsk banneordbok</i> . Oslo: Humanist forlag 2018. 510 s.	
Kilde:	LexicoNordica 26, 2019, s. 239-250	
URL:	https://tidsskrift.dk/index.php/lexn/issue/archive	

© 2019 LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Norsk banneordbok – ei omfattande samling med eit noko vidt banneomgrep

Tor Erik Jenstad

Ruth Vatvedt Fjeld: *Norsk banneordbok*. Oslo: Humanist forlag 2018.
510 s. Pris 429 NOK.

1. Banning i vinden

Banning har stått meir og meir fram som eit seriøst og stuereint granskingsobjekt den siste mannsalderen. I nordisk samanheng kan ein nok seia at dette starta for alvor med dei populærvitenskaplege bøkene til Magnus Ljung (Ljung 1984 og 1987). Det finst sjølv sagt enkelte arbeid om banning som er mykje eldre enn dette, til dømes Hansen (1911) og Jespersen (1911) som noko av det eldste. Men det er først i mykje seinare tid at banning har blitt eit verkeleg ekspansivt forskingsfelt. Dei siste 20 åra har vi såleis fått eit skandinavisk forskarnettverk (SwiSca – Swearing in Scandinavia), eit banneleksikon for barn (Uri, Nilsen & Østby 2011), undervisningsmateriell i banning (Hestnes 2007) og ei bok om «nestenbanning» (Hasund 2005), for å nemne noko. Elevar i vidaregåande skule skriv fordjupingsoppgåver om banning, og ikkje minst er banning stadig eit pirrande emne for media, særleg kvar sommar i agurktida. Samstundes har banneord og andre tabuord fått gradvis meir skikkeleg og seriøs behandling i ordbøker.

Ruth Vatvedt Fjeld har vore sentral i banneforskninga i nordisk samanheng, med arbeid som Fjeld (2001 og 2002). Ho er professor i språkvitenskap ved Universitetet i Oslo med norsk ordforråd som spesialområde og treng elles neppe nærare presentasjon, som sentral person både i Nordisk foreining for leksikografi og Euralex gjennom ei årrekke.

Meldaren er leksikograf med. Han har arbeidd på *Norsk Ordbok* (NO) og *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB), og er no tilknytt Språksamlingane i Bergen i samband med oppstart for revisjon og digitalisering av NO band 1–5. Han har elles mellom anna gjeve ut *Trønderordboka* saman med Arnold Dalen og fire populærvitenskaplege bøker om skjellsord.

2. Generelt

Norsk banneordbok er eit arbeid con amore, som resultat av det redaktøren sjølv har kalla sin «språkbaby», nemleg å samle på banneuttrykk (*ILNytt* 2011). I forordet (s. 7) kallar ho det eit hobbyprosjekt.

Etter det eg kan forstå, er boka eineståande i nordisk samanheng. Tanken går til den svenske *Stora fula ordboken* (Dagrin 2013), men denne er likevel utarbeidd etter eit ganske anna konsept.

Tilfanget i banneordboka er henta frå mange ulike kjelder, slik det er gjort greie for i brukarrettleiinga. Av ordbøker er først og fremst *Norsk Riksmålsordbok* (NRO) og NO utnytta, og berre i liten grad NAOB, som kom først i innspurten av arbeidet med banneordboka. Ikring ti elektroniske korpus er nytta; desse er lista opp på s. 58–59. Elles har Fjeld brukt sitt eige banneordforråd og notert banneord etter andre gjennom mange år. Totalt har dette gitt eit imponerande stort materiale med over 1000 lemma.

3. Oppbygginga av boka

Banneordboka startar med eit kort forord om bakgrunnen for arbeidet. Ein fyldig introduksjonsdel (s. 9–48) inneheld ei utgreiing om banninga si historie, ulike typar banning, kven som bannar, kvifor vi gjer det, og kva måtar vi bannar på. Denne bolken har

ei nyttig og viktig opprydding i mange omgrep og kan lesast uavhengig av sjølve ordbokdelen. Her finst instruktive forklaringar av omgrep som *alterbanning*, *egobanning* og *vanebanning*.

Deretter kjem ei brukarretteiing (s. 49–62), der det er gjort greie for utvalet av oppslagsord og oppbygginga av artiklane. Vi får som nemnt vita kva for korpus som er brukt, og retteiinga inneheld ei forkortingsliste og ei ordliste over faguttrykk. Hovuddelen (s. 63–506) er ein alfabetisk gjennomgang av norske banneord frå a til å. Boka blir avslutta med ei litteraturliste og forslag til vidare lesing.

Her tillet eg meg å skyte inn ein liten kommentar til omtalen av Arthur Arntzens klassiske døme på gledesbanning (s. 27), der det heiter at guten som etter mange års fråvær kom heim til si kjære mor, i pur glede ikkje fann andre ord enn «du mor, du mor, du helvetes mor». Det er litt unøyaktig attgitt. Slik Arntzen (1986:31) sjølv fortel det, hadde guten vore til sjøs og var heimkommen til jul og skulle overrekke mora eit silkesjal i julegåve. I det høvet fann han ikkje andre ord enn dei nemnte.

4. Artikkelstruktur

Kvar artikkel har eit oppslag med feit skrift. Også fleirordsuttrykk er ført som oppslag, på alfabetisk plass, i glattalfabetisk makrostruktur, til dømes:

du milde
 du milde Johannes
 du skal faen ikke
 du slette tid
 du store alpakka

Oppslaga er altså konsekvent sortert etter første bokstav, og ikkje

etter det semantisk tyngste ordet. Eit uttrykk som *gi jamt faen* er såleis å finne under bokstaven g, og ikkje under f. Uttrykket er heller ikkje nemnt i oppslaget *faen*.

Rekkjefølgja i fleirordsuttrykk er elles styrt av det første ordet i uttrykket, slik at til dømes *fy tusan* kjem før både *fysj* og *fytte grisen*.

I oppslaget er det også påført grad av tabu, med frå eitt til fire lyn. Oppslagsord som redaktøren oppfattar som heilt avtabuiserte, får tabugrad 0, altså inga markering. Døme på oppslag med tabugrad 0 er *gid*, *gå fem på*, *gå i baret* og *hele sulamitten*. Tabugrad 1 har uttrykk som *fillern*, *gi dunderen* og *jøssenam*. Vurdert til tabugrad 2 er til dømes *bitterdød*, *bry seg sytten/søtten om* og *kjöss meg bak*. Hakket sterkare, med tabugrad 3, er *dæven dundre*, *for svarte*, *faen* og *satan*. Høgste tabugrad, 4, får dei grovaste kjønnsorda, som *fitte* med samansetningar og *kukksuger*. Tabugraderinga er kommentert nærare nedanfor (under punkt 11).

Sjølve artikkelen blir innleidd med ein definisjon med kommentarar, ofte med etymologiske opplysningar og med tilvisingar til andre oppslag. Deretter kjem ein bolk med døme og kjelder (korpus, ordbok, database, eigen intuisjon eller eiga røynsle). Nedst i artikkelen er det ei linje med opplysning om ordklasse, der «frase» og «interjeksjon» naturleg nok er dei mest frekvente, deretter «tema», med sortering etter emnefelt (som «djevel», «Gud», «sex», «sjukdom») og til slutt vurdering av bruksfrekvens, med kategoriar som «vanlig», «sjelden», «lite brukt» og «lokal bruk». Det siste skal fange opp dialektuttrykk.

Som døme på ein typisk artikkel kan vi ta for oss *gubbevarer-megvel* (med tabugrad 1, markert som del av oppslaget). Her får vi opplysning om opphavet, som er ei leksikalisering av bønna eller ønsket *måtte Gud bevare meg vel!* Definisjonen seier at «ordet brukes som uttrykk for lett forferdelse eller sterk begeistring». Som variantform blir ført opp *bevare meg (vel)!* Deretter følgjer fire døme, i dette tilfellet henta frå korpus og bloggar. Til slutt er

det opplysning om ordklasse (her interjeksjon), tema («Gud») og bruksfrekvens («vanlig»).

I det følgjande vil kvar enkelt del av artiklane i ordboka bli kommentert noko nærare.

5. Utvalet av oppslagsord

Eit gjennomgåande problem med boka er at banning aldri blir heilt klart avgrensa og definert. Det blir uansett operert med eit temmeleg vidt banneomgrep. Fjeld er klar over det og grunngir utvalet blant anna etymologisk og funksjonelt (til dømes s. 51). Ho seier også at nokre vil meine at ein del av oppslagsorda ikkje er banning i det heile, men held fram at det er relativt kva den enkelte oppfattar som banning, og at det kan vera uttrykk som historisk sett er banning, men som ikkje lenger er tabu. Det er nok likevel mange som vil undrast på at interjeksjonar som *hei*, *hei-sann*, *au*, *fysj* og *isjameg* har fått plass, men ikkje verken *huff* (berre i sambandet *huff a meg* / *huffameg*) eller *æsj*. Også ord som *inn-mari* og *svinaktig* blir nok sjeldan oppfatta som banning. Kanskje dette kunne vore kommentert og klårgjort noko meir inngåande i innføringsdelen. Eitt kriterium Fjeld nemner for å ta med reine forsterkarar som ikkje i seg sjølve er tabulada, er at dei blir brukt nesten berre i uttrykk der ein bannar. Men i fleire artiklar med forsterkande uttrykk er det døme som på ingen måte viser banning, til dømes *hu hei*.

Reine skjellsord utan vesentleg tabulading, som *burugle*, er det også diskutabelt å ta med i ei banneordbok etter mitt syn. Slike ord kan for all del vera stygge og vondsinna, men det er ikkje eit tabuelement i dei. Skulle ein ta med alt slikt, ville boka svulme urimeleg opp.

Sjølv om tabuladinga varierer både i tid og mellom folk, trur eg det hadde vore ein fordel å knyte utvalet meir tydeleg nettopp til

tabu. Tabu er ein fundamental komponent i banning – utan tabu, inga banning.

Eg vil knyte nokre kommentarar og spørsmål til enkelte oppslag:

Fittihælvete står som oppslag med rett etymologi, men det burde nok også vore ein artikkel på det vel så vanlege *fyttihælvete*.

Kvifor (i huleste!) er det oppslag både på *i svarteste* og *svarteste*, men berre på *huleste* og ikkje *i huleste*? Alle døma i artikkelen *huleste* viser sambandet *i huleste*.

Skal først *trykkfeilsdjevelen* vera med, burde det også vore rom for det synonyme *prentesvarten*, som har artikkel både i NO og i NAOB. Det usamansette *svarten* har fått oppslag, med tabugrad 3.

Eitt og anna banneord kan ein sakne, slik som *hålede/håladø*. Det trønderske utbrotet *dærsomitt* manglar (sjå NO 1:380, artikkel *dersom* tyding 2 b). Likeeins saknar eg den jærské eufemismen *fadosten*.

NO er brukt, både den trykte boka og setelarkivet, men her hadde det nok vore meir å hente. Her er eit einskilt døme: *fy(t)ehuren* (NO 3:1167) frå Brunlanes, rett ovanfor *fytterakkaren*, som eg går ut frå har vore konsultert i NO. Ein systematisk gjennomgang kunne ha gitt meir dialektmateriale og betre fordeling utover landet. Uansett er det ikkje råd å få fullstendig dekning; det ville ikkje ein heil redaksjon klart heller.

6. Oppslagsform

Det er valt former som ligg nær opp til kjeldene, og utan streng normering. Prinsippet er nok sunt i seg sjølv, men det fører samtidig til at ein misser samanheng mellom former som eigentleg er same ordet, som *djevlig*, *jevlig* og *jævlig*. Alle har fått kvart sitt oppslag. Samanhengen kan likevel i stor grad bergast gjennom tilvisingar (sjå nedanfor).

Når oppslagsformene er så strengt bundne av førelegga som

dei i mange tilfelle er, kan det få ein del ikkje heilt vellykka utslag. For eksempel blir *jøje* ført som eige oppslag (variantform av *jøye*) på bakgrunn av nokre (tilfeldige?) skriftlege belegg. *Jeija* har også fått ei litt uheldig oppslagsform. Det naturlege hadde vore *jeia*, og dømet med «fy jegjei» høyrer meir naturleg inn under eit oppslag *jeie*. NO (5:1466) har fyldig omtale av desse formene i artiklane *II jei*, *II jeia* og *jeie*.

Stundom stussar ein på oppslagsformene. Kvifor er *din djevel* valt som oppslagsform, når seiemåten også finst som døme i artikkelen *djevel*? Og kvifor er det apostrof i *filler'n meg* (s. 190), når ingen av døma har apostrof og det heller ikkje er apostrof i artikkelen *fillern* (s. 192). Etter mi meining burde også *filler'n meg* vore flytta og sett inn mellom *fillern* og *fillern også*.

7. Tilvisingar

Boka inneheld mange tilvisingar, noko som er til stor hjelp for å orientere seg i materialet, men det kunne godt vore fleire. Eg skal nemne nokre døme:

Det hadde vore naturleg med tilvisingar mellom oppslaga *djevelen hakke meg* og *faen hakke meg*, og likeeins mellom *gi beng* og *beng*. På same måte kunne og burde *blanke faen* og *gi blanke faen* vore samordna; alle døma i det første oppslaget inneheld verbet *gi*. Ein burde også hatt ei kopling mellom *fytterakkernsinn* og *fyttirakkern skinn*.

Tomme eller villeiande tilvisingar er det dessverre ein del døme på. I artikkelen *fy tusan* er det vist til *tusan*, men det er ingen artikkel på det. Oppslaget *bætterdø* har tilvising til *betterdø*, som ikkje finst som oppslag, og til *bitterdø* (oppslagsforma her er *bitterdød*). Den ganske vanlege forma *bætterde* er ikkje nemnt. Her kan ein nok også ha innvendingar mot frekvenskarakteristikken «sjelden» og kommentaren «lite brukt i moderne norsk» (s. 95).

8. Etymologiske merknader

Etymologiane er jamt over utførlege og solide, men somme av dei er kanskje i dristigaste laget. Fjeld har hatt som generell rettesnor å vera varsam, men som ho sjølv seier: «Det er [...] ikke til å unngå at ordboka inneholder noen private og udokumenterte påstander, til tross for bevisste forsøk på å utvise faglig forsiktighet» (s. 58). Det er også heilt korrekt, slik ho seier på same stad, at det kan vera vanskeleg å bruke tradisjonelle etymologiske metodar på eit materiale som dette.

Litt uklart er det som står om *fanden*, der teorien om samband med gammalfrisisk presens partisipp *fandian* 'freistande' kanskje kan trekkast i tvil (men jf. likevel etymologien i NAOB, artikkel *fanden*). Norrønt *fjándi*, bunden form *fjándinn* 'fiende', er det høgst sannsynlege opphavet, og det er ikkje sikkert dette skal knytast til frisisk.

Under oppslaget *fy vøle* er det vist til norrønt *vǫrðr* 'vaktar, vaktmann'. Dette er vanskeleg å forlike med vanleg lydutvikling. Rettare er det gjort i artikkelen *tvi vøre deg!* (kvifor med «deg», sidan døma syner berre «tvi vøre?»), der det er kopla til norrønt *verða*. Sjå NO 12:974, underoppslaget *tvi vorte* i artikkelen *verta*, tyding C 3. *Vøle* og *vøre* er her variantar av same ordform, den første i målføre med overgang frå *rð* til retrofleks *l*. I somme tilfelle kan nok *vøre* også vera konjunktivform av *vera*, jf. NO 12:899, artikkel *I vera*, tyding C 5.

Fillan (frå Hallingdal) er nok inga omforming av stadnamnet Fillan på Hitra. Det forslaget burde vore stroke, slik at «dialektform av *fillern*» hadde fått stå aleine som etymologi her.

Eg har lita tru på at *bella-don* skal vise til planten belladonna, og at *belle* skal vera ei kortform av dette (s. 81). Det siste kjem visst berre føre i sambandet *belle de* og *belle don* (NO 1:522, artikkel III *belle*). Elementet *don* finst også i andre kraftuttrykk, som *dyre don*. Kanskje går *belle don* og *belle de* i siste instans tilbake på *bitre død*.

Andskota burde vel hatt ei tilvising til *helskota* (det er tilvising andre vegen). Her kunne ein også supplert med målføreopplysning om *andskote* frå Leka i Namdalen hos Hans Ross (1895:6).

Når det gjeld *mutt putt* i *mutt putt aleine*, er eg redd det blir ei overtolking å sette det til *putt* ‘pytt’ og kople det til *helvetes põl*. Etter mi vurdering kan det like gjerne vera ein variant av *mutters aleine*, med innlagt rim. Dermed blir jo også banneelementet høgst diskutabelt, men så har det riktig nok fått tabugrad o.

Om interjeksjonen *pytt* blir det slått fast som sikkert at han går tilbake på ei eldre tyding ‘svovelpøl’. NAOB seier opphavet er uvisst og nemner også som ein mogleg teori at det rett og slett er eit lydord som skal gi att spyting.

Oppslaget *faen min er glassmester* er sikkert rett oppfatta som «fordekt banning» med omforming av *faen*. Men her kunne det kanskje også vore knytt til ein kommentar om uttrykket *far din var ikkje glasmeister/glasmakar* – sagt til nokon som skyggjer for ein (sjå NO 4:340).

9. Døme

Døma er autentiske, henta frå korpus eller ymse nettkjelder, som bloggar og nettaviser, stundom også notert ned direkte frå «folkets munn». Dette er ein særers verdifull del av det framlagte materialet. I somme høve kan nok døma vera feilplassert. Såleis er eit døme med *bort i natten* ført under oppslaget *bort i alle staur og vegger*. I det aller siste oppslaget, årre steikje, viser to av døma *årre heite*. Dette burde vel hatt eige oppslag.

10. Bruksfrekvens

Kategoriane er påført med støtte i korpusmateriale, men det er sjølvsgat eit vanskeleg arbeid å vurdere kor frekvente dei ulike ut-

trykka er i faktisk bruk. Dette kjem jo også mykje an på ståstad og bakgrunn, ikkje minst geografisk. I innleiinga (s. 57) blir det hevda at *farken* blir brukt nærmast heilt marginalt i dag. Dette vil nok ein trønder protestere på, og det går da heller ikkje i hop med opplysninga «ofte brukt» i artikkelen *farken*. Ein gjennomsnitt trønder vil nok heller ikkje vera samd i at *bætterdø* blir brukt «sjelden».

11. Litt meir om tabugradering

Tabugraderinga er ei nyskaping i norsk leksikografi og representerer ei anna tilnærming enn dei litt tilfeldige bruksmarkeringane «vulg», «nedsetj» o.l., som har vore nytta hittil. Ei fin drøfting av dette står på s. 54–55, der det mellom anna er vist til granskingsforsøk der ein bed informantar vurdere «styrken» av ulike kraftuttrykk. Sjølv sagt vil dette vera langt på veg subjektivt og individuelt, noko Fjeld også er fullt klar over, og ho nemner sjølv problematiske sider ved slike undersøkingar. Graderinga i boka er vel da i stor monn gjort ut frå eit subjektivt inntrykk. Likevel kan slike opplysningar tene til råd og rettleiing om i kor stor monn eit uttrykk er passende eller ikkje. Eg noterer meg at *fitte* med grad 4 er rekna som kraftigare enn *faen* og *helvete*, som begge må nøye seg med grad 3. Kjønnsrelatert banning blir altså vurdert som sterkare enn banning på religiøst grunnlag, noko eg slett ikkje er sikker på vil gjelde allment i norsk. *Jævlig* er nede på grad 2, medan *fy fabian* så vidt kjem inn på skalaen med grad 1. Og mange oppslag får som nemnt ikkje gradering i det heile, som *gå fem på*.

12. Vurdering

Trass i dei kritiske merknadene ovanfor er *Norsk banneordbok* eit stort og imponerende arbeid der eit svært omfattande materia-

le blir lagt fram på systematisk vis. Fjelds leksikografiske klo avspeglar seg i det grundige arbeidet og det systematiske oppsettet. Banning er eit mytebelagt område der det er stor trong for etterret-teleg informasjon. Boka fyller eit tomrom i norsk leksikografi og fell naturleg inn mellom slangordbøker og skjellsordbøker (som Jenstad 1992 og 1999). Den utførlege og instruktive innleiinga, med grei opprydding i mange omgrep, gjer ho også til mykje meir enn ei rein ordbok. Dei inkonsistensane som finst, er kanskje langt på veg eit resultat av at arbeidet med boka har gått føre seg over lang tid. Boka bør absolutt også komma i ein digital versjon.

Litteratur

Ordbøker

Dagrin, Bengt G. (2013): *Stora fula ordboken. Försummade och för-talade ord i full frihet*. 5:e upplagan. Stockholm: Bengt G. Dag-rin och Carlssons Bokförlag.

Jenstad, Tor Erik (1992): *Den store norske skjellsordboka*. Trondheim: Marcus forlag.

Jenstad, Tor Erik (1999): *Nye skjellsordboka*. Trondheim: Tapir / Norske Gram Publishing.

NAOB (2017) = *Det Norske Akademis ordbok*. Det Norske Akade-mi for Språk og Litteratur / Kunnskapsforlaget. <<https://www.naob.no/>> (april 2019).

NO (1966–2016) = *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemå-let og det nynorske skriftspråket*. Oslo: Det Norske Samlaget. <<http://no2014.uib.no/>> (april 2019).

NRO (1937–1995) = *Norsk Riksmålsordbok*. Oslo: Det Norske Aka-demi for Språk og Litteratur / Kunnskapsforlaget.

Ross, Hans (1895): *Norsk Ordbog*. Kristiania: Albert Cammer-meyers Forlag.

Annan litteratur

- Arntzen, Arthur (1986): *Æ lyg ikkje*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Fjeld, Ruth Vatvedt (2001): Banning og andre kraftuttrykk. I: Dag Gundersen (red.): *Språkvett. Skriveregler, grammatikk og språklige råd fra a til å*. Oslo: Kunnskapsforlaget, 64–66.
- Fjeld, Ruth Vatvedt (2002): Om banning og sverting. I: *Maal og minne* 2, 152–166.
- Hansen, Hans Peter (1911): Folk bander. I: *Sprog og Kultur* 11, 1–32.
- Hasund, Ingrid Kristine (2005): *Fy farao! Om nestenbanning og andre kraftuttrykk*. Oslo: Cappelen Damm.
- Hestnes, Hæge (2007): Teaching Swearing. I: *Språkfag 1. Idéhefter for lærere*. Trondheim: Tapir akademisk forlag, 53–60.
- ILNytt* (2011). Internavis for Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo. Utgåve publisert 13.5.2011.
- Jespersen, Otto (1911): Om banden og sværgen. Iagttagelser om edernes sproglære. I: *Festskrift til H.F. Feilberg fra nordiske sprog- og folkemindeforskere på 80 års dagen den 6. august 1911*. Kristiania: Bymaalslagets forlag, 33–40.
- Ljung, Magnus (1984): *Om svordomar: i svenskan, engelskan og arton andra språk*. Stockholm: Förlaget Akademilitteratur.
- Ljung, Magnus (1987): *Banning i norsk, svensk og 18 andre språk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Uri, Helene, Jostein Sand Nilsen & Andreas Østby (2011): *Fakta faen*. Oslo: Cappelen Damm.

Tor Erik Jenstad
forskar, dr.art.
Institutt for språk og litteratur, NTNU
NO-7491 Trondheim
tor.jenstad@ntnu.no